



Terje Gilje frå SIM orienterte kommunestyret om det interkommunale selskapet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Terje Gilje frå SIM sa i ei orientering for kommunestyret torsdag at dei må finna fram til ei ordning med tvungen renovasjon også for Skorpo/Snilstveitstøy. Men førebels visste han ikkje korleis ordninga blir.

Gilje var ellers innom hytterenasjonen, som er ei utfordring på grunn av varierende bruk. Han sa, utan å nevna namn, at "ein stad i Kvinnherad har vore verre enn andre med omsyn til hytteavfallet". Han sikta til Uskedalen og stadfesta, også på spørsmål frå Torfinn Myklebust (Innbyggjarpartiet), at SIM vil prøva att med utsettjing av ein hyttecontainer sentralt i bygda. Den vart trekt attende på grunn av misbruk. Myklebust innrømte at det av og til såg ut som ein svinesti rundt containeren då han var plassert ved Børnesvegen.

- Kanskje er uskedelingane større grisar enn andre, sa han, og håpa at det no blir ei tilfredsstillande ordning for både "skorpefolket" og hyttefolket på fastlandet.

Den nye hyttecontainaren kom på plass allereie torsdag.

Gilje peika på at det er to alternativ for hyttefolket: Anten containarar eller dunk med grønt lokk som blir tømt samstundes med restavfalldunket, med andre ord kvar fjerde veke.

Han peika på at det har vore en del misbruk av hytte-containarane, også til dømes i Sveio, men at det no går rette vegen.

Folk har forsøkt å plassera alt frå bildekk til kjøleskap ved eller i containarane, men Gilje minna om at slikt kan leverast attende til butikkane som sel varane.

Ellers opplyste han at det no vil bli oppretta ei byttebu på Husnes. Det blir kasta svært mykje brukbart, spesielt av unge folk og dei hiv det gjerne rett i containarane. Dei eldre plasserer heller det dei kjem med på "gjenbruksplassen", men tinga er ofte for gamaldagse.

Det interkommunale SIM handterer det Gilje kalla "samfunnets overflod" i sju kommunar og har 30.000 kundar. Men ansvaret er fordelt - det er til dømes kommunane som har ansvar for "utfartsstader og offentlege stader som er mykje besøkte".

Av Ola Matti Mathisen

Kun for hytteavfall

Konteinaren skal **kun** nyttast av dei som betalar renovasjonsgebyr for fritidsbustad til kommunen. Avfall må ikkje setjast på utsida. Misbruk er straffbart.

- Avfall frå utleiehytter, rorbuer o.l. skal ikkje i konteinaren.
- Farleg avfall skal til miljøsentralen.
- Elektrisk- og elektronisk avfall (EE) og bildekk/-batteri skal også til miljøsentralen, eller til forretningar som sel slike varer.

Takk for at du respekterer ordninga.

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk (SIM)

 **For holiday home waste only**

The container is reserved for use by those who pay holiday home renovation fees to the municipality. Waste must not be placed outside the container. Abuse of the scheme can result in prosecution. Thank you for observing the rules.

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk (SIM)

 **Nur für Hüttenabfall**

Der Container ist Eigentümern von Freizeithäusern und Hütten vorbehalten, die eine Müllentsorgungsgebühr an die Gemeinde entrichten. Bitte keinen Abfall neben dem Container abstellen. Ein Verstoß wird mit Bußgeld geahndet. Wir danken für Ihr Verständnis.

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk (SIM)

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk AS
Sveinungsgat. 9 5125 Fiske
tlf: 52 48 78 50
tlf: 52 45 78 40
e-post: sim@sim.no

www.sim.no

Bodskapen på nycontainaren er klart: Berre for dei som har betalt hyttegebyr!: